Pubkveld på Dønhaug med Tore Nordahl-Pedersen, fredag 21. februar.

17.02.2020

Pederen med bassen er klar for ny pubkveld på Dønhaug, fredag frå kl. 20.00.

Kom og høyr Pederen med bassen på Dønhaug, fredag 21. februar frå kl. 20.00. Det vert tradisjonell pubkveld i eit koseleg miljø med fyr på grua. Pederen med bassen er Tore Nordahl-Pedersen frå Os, men no busett i Uskedalen. Repetoaret er henta frå generen country og blues, frå Jonnhy Cash til J J Cale, poplåtar frå 1970 talet.

Tore har før spelt i ulike band på Os. Det var danseband og gruppa reiste mykje i distriktet rundt Bjørnefjorden og i bergensområde. Lengst tid spelte han i bluesbandet Nyglo Band. Han vaks opp med musikk. I familien var dei tre brør. Alle spelte i band.

I dag står Tore Nordahl-Pedersen fram med einmanns framføringar. Han lagar sitt eige komp og legg på bass og song. Pederen med bassen hadde i november 2018 pubkveld på Dønhaug. Det var ein triveleg kveld med mykje folk og god stemning.

Det vert lagt opp til tre sett. Puben opnar kl. 20 og fyrste settet går kl. 21. Tore saman med Mange Huglen er arrangør.

Inngang: kr. 100,-

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal